



KILDN
TIL FREMTIDEN

Kva er Vestland fylke sine ambisjonar for areal og mobilitet?

Planprogrammet viser tema og omsyn som er sentrale og viktige i ei samfunnsutvikling, og dette er nyttig i vidare planlegging og sakshandsaming både på lokalt og regionalt nivå. Samstundes viser ikkje planprogrammet konkret retning eller utviklingsambisjon for fylket, mellom anna for turismen i sterk vekst og potensialet for transport på sjø. Difor vert temaopplistingane ei vanskeleg oppgåve å vekte og forvalte.

Planprogrammet seier lite om korleis innovasjon skal støttast, kva område som skal ha særleg fokus i planperioden, og korleis ein skal jobbe saman for å oppnå sentrale mål. Innovasjon vert ofte nemnt i planar, men heller ikkje i denne planen er det tydeleg korleis ein skal løfte fram og prioritere innovasjonsprosjekt.

Innovasjon krev ofte ein innleiande innsatsfaktor som kan vere delvis omstriden. Effekten må likevel sjåast i eit langsiktig perspektiv: kva får samfunnet som gevinst i framtida i høve til konvensjonelle samfunnsgrep?



Innspel for å oppnå målsettingane:

**Fylket treng innovasjonsprosjekt
som Kildn for maritim sektor,
og regional plan må vere
tydelegare på at innovasjon er
heilt avgjerande for regionen
si utvikling.**

MÅLSETTINGANE I PLAN FOR AREAL OG MOBILITET ER MELLOM ANNA:

- ✓ Å fastsetje strategiske føringar for utbyggingsmønster i Vestland.
- ✓ Utbygging til ulike føremål må bli samordna med infrastruktur for transport, kommunikasjon, energi og tenester, og leggje grunnlaget for ei berekraftig, attraktiv og konkurransedyktig utvikling i heile fylket.



Innspel til planprogrammet pkt. 2.2:

Planen må vise korleis fylket har tenkt å utnytte sjø som transportåre når alle dei 43 kommunane i Vestland grensar til sjø.

Vestland fylke har vedteke å følgje opp nasjonale føringar om å flytte meir passasjertransport til sjø.

Likevel er ikkje sjøtransport og maritim sektor nemnt som eige tema i planprogrammet.



Innspel til planprogrammet pkt. 2.2:

Kildn gir ei løysing på
betre sjøtransport og
intermodale løysingar.

Regional plan for areal og mobilitet i det største fjordfylket må ha eit eige punkt knytt til vekst og fordelar med sjøtransport og satsing på maritim sektor.

Planen må også skildre potensialet som ligg i sjøtransport når det gjeld mobilitet og styrke både senterstruktur og knutepunkt.



Fylket må auke
ambisjonsnivået i takt med
samfunnsutviklinga:

Ei kopling av sjøbasert
turist- og kollektivtrafikk
kan gi lågare nettokostnad
for fylkeskommunen.

Turismen i vest eksploderer, samstundes som stadig fleire turistar og Online Tourist Guides lagar reiseruter for turistar ved bruk av kollektivtrafikk, både på land og sjø. Fylket bør ha ein plan som er robust nok til å ta høgde for denne veksten og koplinga mellom framtida si turistmengde og kollektivsystemet.

Kildn er eit visjonært og samtidig realistisk regioniltak som vil ha effekt for store delar av Vestland fylke. Fylket bør støtte denne type innovasjon som legg til rette for ønska utvikling: at vi i Vestland får eit nasjonalt senter for transport, turisme og kollektiv plassert sentralt i Vestland fylke.



Innspel til planprogrammet pkt. 2.2.3

Kildn gir bevisleg ei løysing
på betre sjøtransport og
intermodale løysingar, sjå
t.d. utgreiingar som:

RAPPORT
KORTVERSJON
SAMFUNNSØKONOMISKE NYTTEVIRKNINGER
AV KILDN FJORDMETRO



MENON-PUBLIKASJON NR. 03/2024

Av Øyvind Vennerød, Sander Aslesen, Sophie Sundt, Trygve Svalheim, Erik W. Jakobsen, Kristoffer Midttømme og Magnus U. Gulbrandsen

asplan
viak



Mulighetsstudie, fjordmetro

Konsept og transportsystem
for maritim passasjertransport
i Bergensregionen og Vestland,
med nullutslippshavn Kildn
som base

Kortversjon av
hovedrapport

<https://kildn.com/dokumenter/>





Innspel til planprogrammet pkt. 2.4.4

Kildn har gjort utrekningar
som viser at fylket bør
vektlegge samfunnsnytta
med auka transport på sjø.

Vestland fylke er samd i at sjøen eignar seg for kollektivtrafikk, mellom anna fordi ein slepp vedlikehalds- og køproblematikk.

Fylket slår også fast at det er utfordringar med større kostnader til drift samanlikna med transport på veg, men utan å ha berekna samfunnsnytta i kroner som vil gjelde reduksjon i:

Vegvedlikehald, køproblematikk, vegstøv, støy og ytterlegare naturinngrep ved vegutbygging.

Med Kildn sitt konsept kan fylket spare store summar i kollektivsatsinga ved å leggje til rette for auka samhandling mellom turist- og kollektivtrafikk.



Hovudpunkt som bør inn i planprogrammet:

Turisme

Planen må ta høyde for den store veksten i turismen til fjordane på Vestlandet og transportbehovet som følger med.

Persontransport på sjø

Fylkets egne ambisjoner for areal og mobilitet knytt til sjøtransport kjem ikkje fram i planprogrammet.

Innovasjon

Fylket må støtte innovasjonsprosjekt med ambisjoner som løftar fram Vestland fylke sine egne behov og vedteken politikk.

Kildn er eit innovasjonsprosjekt med mål å verte første hamn i verda som både er planlagd og bygd for nullutslepp. Kildn er ei passasjerhamn som integrerer turisme og kollektivtrafikk med same materiell.



Prosjektside: <https://kildn.com/>

Prosjektfilm: <https://kildn.com/film/>

KILDN

TIL FREMTIDEN



Kildn har en innsatsfaktor på 14 daa natur. Effekten er eit transportsystem som avlastar landbasert transport i framtida; eit fjordmetrosystem som støttar berekraftig samfunnsutvikling i heile fylket.